

Protokoll frå styremøte Suldal IL



Møtenummer: 4/2017

Dato: 09.01.2018

Tidspunkt: 19.00

Stad: Personalrom Vinjar skule

Til stades: Jon Bråtveit, Øyvind Gjuvsland, Arne Vold, Vidar Jørgensen Nærheim, Else Kristin Krogh, Kristine Bøe Berge og Per Even Tjøstheim frå kl. 19.30

Forfall: Silje Færøy, Tor Inge Bråtveit og Leif Bakka (valkomité)

Andre til stades:

Sak 26/17 Godkjenning av innkalling / protokoll frå sist styremøte

- Innkalling godkjent utan merknadar
- Protokoll godkjent utan merknadar

Sak 27/17 Orientering frå leiar v/Arne Vold

- Avtalen med Statkraft er reforhandla.
- Rådmannen har sett ut ansvaret for flagging til dei enkelte einingane i Suldal Kommune. Suldal IL har inngått avtale med Vinjar Skule om flagging på flaggdagar utanom vanlege arbeidsdagar. Suldal IL får ein årleg sum for dette arbeidet. Bindingstid på 3 år og oppseiingstid på 3 mnd. Suldal IL kjem til å tilby same avtale Vinjar bu- og omsorgssenter.
- Nytt i avtalen med Suldal Kommune om vask av Gullinguset og toalettbygget er at dei sjølve har ansvaret for toalettbygget i juni, juli og august. Suldal IL disponerer det gamle toalettbygget.
- Det vert kurs i styrearbeid i regi av idrettskretsen laurdag 27. januar. Flest mogleg i styret deltek på kurset.
- 7. og 8. april vert det aktivitetsleiarkurs i regi av idrettskretsen. Det vert anten på Sand eller Suldalsosen. Meir informasjon om påmelding kjem på nettsida og facebookside.
- Gode tilbakemeldingar frå frivilligfesten. Undergruppene går gjennom innspela frå gruppearbeidet under festen og tatt med vidare til hovudstyret.
- Det vert arbeida med å få tinga nye treningsdressar. Hovudstyret tek ansvar for dette.
- **Årsmøtet i Suldal IL blir torsdag 15.mars klokka 20.00 på personalrommet på Vinjar Skule.**

Sak 28/17 Orientering frå nestleiar v/Øyvind Gjuvsland

- Politiattestane er i orden. Nye trenarar skal fortløpande meldast til Øyvind, slik at dei kan levera attest.
- Erik W. Vold fråtrer sitt verv som vara i valnemnda.

Sak 28/17 Orientering frå økonomigruppa v/Else Kristin Krogh

- Det var godt sal på bytedagen Suldal IL arrangerte i haust.
- Gode tilbakemeldingar frå publikum på kiosken i Prestavikjo.



Sak 29/17 Orientering frå fotballgruppa v/Jon Bråtveit

- Har hatt evalueringsmøte etter sesong. Seier oss nøgde med det meste. Etter sesongslutt går mykje tid med til å skaffa trenarar og lagleiarar til neste sesong.
- Noko utfordringar på korleis ein skal dela inn lag for Suldalsgutane. Blir nok berre eit G13 og eit G15-lag i år. Nokon vil då ikkje få så godt tilbod som i fjor.
- Har meldt på damer a-lag i 7'er-serie i sørfylket. Desse er 10-17 stk. på treningane.
- Nye trenarar:
 - o Arne Vatland og Simmen Bratland på a-lag herrer. Fått fire nye spelarar som kan forsterka laget. God giv i laget.
 - o Petter Hoås a-lag damer.
 - o Tor Arne Sigstad, Øyvind Marvik og Kristian Steine G13
 - o Arne Abrahamsen og Torbjørn Indrebø G15
 - o Eventuelt J16: Med på dametreningar. Ørjan Underbakke og Christer Hansen heime, foreldre borte.
 - o Dagfinn Havrevoll, Øyvind Gjuvland på miniknott
 - o Jostein og Ragnhild S. Aarhus, Terje Gundersen, Ronny M. Rugland på lilleputt.
 - o Mikkel Kral + + på knott, og ungdomsskulelag ikkje heilt klart endå.
- Oppmodar foreldre til å vera til stades på treningar for dei minste.
- Ønskjer å få til dommarkurs og trenarsamling.
- Ønskjer å delta meir på cupar i nabokommunane.
- Skal laga oversikt over treningstider i gymsal og på bane. Mykje likt som før.
- Fotballgruppa i Suldal IL held seg godt innanfor budsjett.
- Sponsoravtalane må reforhandlast i år.
- Medlemmer i Suldal IL har 10% på Adidasutstyr på Sand Sport. Suldal IL sender ned medlemslister.
- Har arrangert Nyttårscup, for første gong med damelag, to stk. Neste år skal me ha fleire!
- Reglane for kjøregodtgjering må reviderast. Årsmøtesak.

Sak 30/17 Orientering frå skigruppa v/Per Even Tjøstheim

- Bra haust med godt oppmøte på treningar; både rulleski og barmark. Totalt bortimot 50 løparar.
- Reiste ein god gjeng til KM rulleski i Sandnes. Reiste og til Hovden på opningsrenn der. Har og vore renn på Seljestad, Gålå (Gjøvik). Skal til Sauda og Hovden i januar. Miljøskapande.
- Lokale renn framover er skikarusell. Suldal IL, Erfjord og Hjelmeland er arrangørar.
- Suldalsrennet 3. februar.
- Mosvatnet rundt 4. mars.
- Framover vert det diverse noregscuprenn for juniorane, hovudlandsrenn for ein løpar, km på Hovden og Evje i Setesdalen. Ein seniorløpar turnerar på renn rundt om i Europa. Går for ein finsk ski og kledeprodusent, men representerer Suldal IL. Trenar på eigenhand, reiseopplegg med teamet.
- Suldal IL stiller i år med eit damelang på stafett i seniorklassen i NM på Gåsbu (Hamar).
- Den eldste gruppa har vore ute på ski sidan slutten av november. Dei yngste starta utetreningar i januar.



- Lysprosjektet i lysløypa; starta gravinga i september. Tippemiddelsøknaden vart godkjent og Suldal Kommune forskoterte heile den fylkeskommunale delen. Har fått sett opp master og grove ned kabel i store delar av løypa. Ventar på nye armatur. Kjem i mnd.skiftet jan/feb. Har vore godt dugnadsarbeid.
- Snøproduksjonsprosjekt i lysløypa. Suldal Kommune har løyvd midlar. Tippemiddelsøknad vert sendt desse dagar. Audun Laugaland leiar denne gruppa saman med Stig Morten Nærheim og Per Even Tjøstheim.

Sak 31/17 Ymse

- Det er Ikkje breiband/fiber på Gullinghuset, noko som skapar utfordringar i samband med arrangement. Suldal IL tek dette opp med eigar Suldal Kommune for å finna ei løysing.

Suldalsosen, 09.01.18

Kristine Bøe Berge, skrivar